



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Stryn kulturhus - Tingsalen
Dato: 28.04.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:30

Følgjande medlem møtte

Haldor Andre Lungård Hove
Ellen Hilde Hauge
Sonja Merethe Øvre-Flo
Per Atle Kjøllesdal
Rune Egil Myklebust
Silje Åsnes Skarstein

Parti

Ap
H
H
Sp
Sp
Sp

Forfall meldt frå følgjande medl.

Janne Elin Alsaker

Parti

V

Følgjande varamedlem møtte

Jan Træen

Parti

Ap

Underskrifter:

Per Atle Kjøllesdal
ordførar

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
035/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
037/26	Referatsaker
038/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av to utleiehytter - gbnr. 82/1 på Rake
039/26	Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål i plan for oppføring av garasje på gbnr. 82/57 i Skoglivegen
040/26	Klage på vedtak- avslag på søknad dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplan for frådeling av ein parsell frå gbnr. 65/1
041/26	Søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i plan for høve til oppføring av bru og utbetring av sti over til Nos/Bolstadsetra i Glomsdalen - gnr. 12 og bnr. 1, 2, 3 og 4
042/26	Søknad om dispensasjon frå arealformålet i plan for løyve til frådeling av bustadtomt frå gbnr. 104/6 i Oldedalen
043/26	Søknad om dispensasjon frå byggjegrense i plan for oppføring av tilbygg til eksisterande parkeringshus på gbnr. 70/51 i Loen
044/26	Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for høve til arealoverføring til offentleg veggrunn i Lodalen
045/26	Søknad om dispensasjon frå byggjegrensa i plan for oppføring av reiskapshus på gbnr. 20/5 på Hjelle
046/26	Klage på vedtak om løyve til uttak av lausmassar frå Gjølrelva på gbnr. 110/2 i Oldedalen
047/26	Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet
048/26	Høyring: Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og fastsetjing av fellingsavgifter for hjort
049/26	Spørsmål om vilkår for kjøp av tomt BBB3 i Solvik
050/26	Søknad om dispensasjon frå plan for frådeling frå gbnr. 60/1, grensejustering frå gbnr. 60/4 og oppføring av fritidsbustad på den frådelte parsellen
051/26	Avklaring av parkeringskrav knytt til rammesøknad for påbygg, bruksendring, ombygging og fasadeendring på gbnr. 57/130, Bringsbygg
052/26	Klage på vedtak - dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7
053/26	Detaljregulering for Dispaholmen - avslutning av planarbeid
054/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå arealkrav for oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

035/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

FO- 035/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

036/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

FO- 036/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

037/26: Referatsaker

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

FO- 037/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

038/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå plan for oppføring av to utleiehytter - gbnr. 82/1 på Rake

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Utsetting (H), foreslått av Sonja Merethe Øvre-Flo, HøgreHøgreHøgre
Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.

Det vart røysta over utsetjingsframlegg: Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.
Samrøystes vedteke.

FO- 012/26 Vedtak:

Utsetje saka og gjennomføre synfaring på neste formannskapsmøte 5.3.26.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre
- Formannskapet tek klaga til følge og oppheva administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4). Formannskapet kan ikkje sjå at formålet i plan er vesentleg tilsidesett då tiltaket allereie er plassert på regulert areal, er skånsamt, reversibelt og hindrar ikkje framtidig bustadbygging. Det er ingen merknader frå naboar. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Utleige til turistar har historisk vore ei viktig tilleggsnæring for gardane i Stryn kommune, og er viktig for å kunne leve av garden. Tiltaket støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunns mål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»). Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunns mål nr 3 ...»satse på heilskapleg heilårsturisme«..)
Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet. Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i turistbygda Loen. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidas landbruksnæring.

Ulempene, som auka lokal trafikk- og aktivitetsnivå, vurderast som små og handterbare. Det er allereie ein landbruksveg fram til eigedomen som går utanfor byggefeltet.

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er ikkje i konflikt med LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene. Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet

«frittliggjande bustadbebyggelse» og rekkefølgekravet om felles avløpsløyising for tomt 25 og 26, til oppføring av to utleigeeiningar på gbnr. 82/1 på Rake.

Endringsframlegg 2, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

- Formannskapet tek klaga til følge og oppheva administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4). Formannskapet kan ikkje sjå at formålet i plan er vesentleg tilsidesett då tiltaket allereie er plassert på regulert areal, er skånsamt, reversibelt/flyttbart og hindrar ikkje framtidig bustadbygging. Det er ingen merknader frå naboar. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Utleige til turistar har historisk vore ei viktig tilleggsnæring for gardane i Stryn kommune, og er viktig for å kunne leve av garden. Tiltaket støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunnsmål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»). Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunnsmål nr 3 ...»satse på heilskapleg heilårsturisme»..)

Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet. Utleigeeiningane vil også kunne fungere til bustad for sesongarbeidarar i dei sesongane dette er vanskeleg å oppdrive annan stad. Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i turistbygda Loen. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidas landbruksnæring.

Ulempene, som auka lokal trafikk- og aktivitetsnivå, vurderast som små og handterbare. Det er allereie ein landbruksveg fram til eigedomen som går utanfor byggefeltet.

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er ikkje i konflikt med LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet

«frittliggjande bustadbebyggelse» og rekkefølgekravet om felles avløpsløyising for tomt 25 og 26, til oppføring av to utleigeeiningar på gbnr. 82/1 på Rake.

Endringsframlegg 3, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

- Formannskapet tek klaga til følge og oppheva administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4). Formannskapet kan ikkje sjå at formålet i plan er vesentleg tilsidesett då tiltaket allereie er plassert på regulert areal, er skånsamt, reversibelt/flyttbart og hindrar ikkje framtidig bustadbygging. Under synfaring kom det fram at utleigeeiningane skal stå på pålar og såleis er flyttbart. Tiltaket er dermed reversibelt. Det er ingen merknader frå naboar. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Utleige til turistar har historisk vore ei viktig tilleggsnæring for gardane i Stryn kommune, og er viktig for å kunne leve av garden. Tiltaket støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunnsmål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt

næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»). Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunns mål nr 3 ...»satse på heilskapleg heilårsturisme»..)

Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet. Utleigeeiningane vil også kunne fungere til bustad for sesongarbeidarar i dei sesongane dette er vanskeleg å oppdrive annan stad. Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i turistbygda Loen. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidas landbruksnæring.

Ulempene, som auka lokal trafikk- og aktivitetsnivå, vurderast som små og handterbare. Det er allereie ein landbruksveg fram til eigedomen som går utanfor byggefeltet.

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er ikkje i konflikt med LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet «frittliggjande bustadbebyggelse» og rekkefølgekravet om felles avløpsløyse for tomt 25 og 26, til oppføring av to utleigeeiningar på gbnr. 82/1 på Rake.

Representanten Ellen Hilde Hauge trekte framlegg 1 og 2

Det vart røysta ved at det vart røysta over framlegg nr 3 frå representanten Ellen Hilde Hauge (H).

Framlegg 3 vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.

Framlegget frå Hauge (H) samrøystes vedteke.

FO- 038/26 Vedtak:

- Formannskapet tek klaga til følge og oppheva administrativt vedtak av 31.10.2025 (vår ref. 25/1728-4). Formannskapet kan ikkje sjå at formålet i plan er vesentleg tilsidesett då tiltaket allereie er plassert på regulert areal, er skånsamt, reversibelt/flyttbart og hindrar ikkje framtidig bustadbygging. Under synfaring kom det fram at utleigeeiningane skal stå på pålar og såleis er flyttbart. Tiltaket er dermed reversibelt. Det er ingen merknader frå naboar. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Utleige til turistar har historisk vore ei viktig tilleggsnæring for gardane i Stryn kommune, og er viktig for å kunne leve av garden. Tiltaket støttar opp under kommuneplanen sin samfunnsdel: «Fagre Stryn 2.0», kommunen sitt viktigaste styringsverktøy, (vedtatt i kommunestyret 20.11.25) som vektlegg levande bygder, verdiskaping basert på lokale ressursar og utvikling av bærekraftige næringar. (Ref samfunns mål nr 3: Stryn- eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv. .. ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon..»styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri..»). Stryn kommune har i sine strategiske planar peika på satsing på heilårsturisme og utvikling av lokale opplevingar som viktige verkemiddel for å styrke næringsgrunnlaget i bygdene.(Ref kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunns mål nr 3 ...»satse på heilskapleg heilårsturisme»..)

Tiltaket legg til rette for stabil næringsinntekt for gardsbruket og bidreg til å trygge vidare drift, busetjing og aktivitet. Utleigeeiningane vil også kunne fungere til bustad for sesongarbeidarar i dei

sesongane dette er vanskeleg å oppdrive annan stad. Småskala gardsbasert overnatting reduserer presset på natur- og friluftsområde og gir eit ryddigare og meir miljøvennleg turismetilbod i turistbygda Loen. Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for bygdenær satsing der kombinasjonen av natur, mat og opplevingar vert peika på som ein viktig del av framtidens landbruksnæring.

Ulempene, som auka lokal trafikk- og aktivitetsnivå, vurderast som små og handterbare. Det er allereie ein landbruksveg fram til eigedomen som går utanfor byggefeltet.

Samla sett vurderer Stryn kommune at fordelane ved tiltaket – i form av styrkt landbruksøkonomi, lokale arbeidsplassar, auka verdiskaping og berekraftig bygdeturisme – er betydelig større enn dei marginale ulempene.

Tiltaket er i samsvar med kommunen sine mål om å skape eit “levande, verdiskapande og berekraftig Stryn” (jf. Fagre Stryn 2.0, målområde «Næringsliv og attraktive lokalsamfunn»).

Tiltaket er ikkje i konflikt med LNF-formålet.

Dispensasjonen vert gjeven då fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

Tiltaket bidreg til å realisere mål i Fagre Stryn 2.0 om levande bygder, berekraftig bruk av lokale ressursar og utvikling av landbruket som framtidsnæring.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet «frittliggjande bustadbebyggelse» og rekkefølgekravet om felles avløpsløyising for tomt 25 og 26, til oppføring av to utleigeeiningar på gbnr. 82/1 på Rake.

039/26: Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål i plan for oppføring av garasje på gbnr. 82/57 i Skoglivegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 29.10.2025 (vår ref.: 25/1580-7). Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Synfaring, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, Senterpartiet
Saka vert utsett til neste formannskapsmøte så vi kan ha ei synfaring.

Det vart røysta over utsettingframlegg frå representanten Silje Åsnes Skarstein (Sp). Samrøystes vedteke.

FO- 022/26 Vedtak:

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte så vi kan ha ei synfaring.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Klage på vedtak - avslag på dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål for oppføring av garasje på gbnr 82/57 i Skoglivegen, foreslått av Jan Træen, Arbeiderpartiet

Formannskapet tek klaga til fylgje og opphevar administrativt vedtak i sak 251580-7. Det vert gjeve dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål til oppføring av garasje med areal inntil 50 kvadratmeter. Grunngeving: Friområdet framstår som utilgjengeleg pga loddrett hammar. Ved å stille krav om oppfylling mellom garasje/ betongvegg og berghammar vil friområdet bli meir tilgjengeleg enn slik det framstår no

Det vart røysta ved at framlegg frå representanten Jan Træen (Ap) vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg. Framlegg frå representanten Jan Træen (Ap) samrøystes vedteke.

FO- 039/26 Vedtak:

Formannskapet tek klaga til fylgje og opphevar administrativt vedtak i sak 251580-7. Det vert gjeve dispensasjon frå arealgrense og dispensasjon frå arealføremål til oppføring av garasje med areal inntil 50 kvadratmeter. Grunngeving: Friområdet framstår som utilgjengeleg pga loddrett hammar. Ved å stille krav om oppfylling mellom garasje/ betongvegg og berghammar vil friområdet bli meir tilgjengeleg enn slik det framstår no

040/26: Klage på vedtak- avslag på søknad dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplan for frådelling av ein parsell frå gbnr. 65/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klaga til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 18.09.2025 (vår ref. 25/1448-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 12.03.2026:

Handsaming:

Utsettingsforslag, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre
Formannskapet ønskjer synfaring, saka blir utsett til neste formannskapsmøte.

Det vart røysta over utsetningsframlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H), samrøystes vedteke.

FO- 024/26 Vedtak:

Formannskapet ønskjer synfaring, saka blir utsett til neste formannskapsmøte.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Klage på vedtak - avslag på søknad dispensasjon frå LNF- føremål i kommunedelplan for frådelling av ein parsell frå gbnr 65/1, foreslått av Jan Træen, ArbeiderpartietArbeiderpartietArbeiderpartiet
Etter synfaring bed Formannskapet om ny vurdering av saka på bakgrunn av opplysningar gjeve av

tiltakshavar

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jan Flore orienterte før handsaming av saka.

Det vart røysta ved at framlegget frå representanten Jan Træen (Ap) vart sett opp mot framlegget frå Træen

Framlegg frå Træen samrøsyses vedteke.

FO- 040/26 Vedtak:

Etter synfaring bed Formannskapet om ny vurdering av saka på bakgrunn av opplysningar gjeve av tiltakshavar

041/26: Søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i plan for høve til oppføring av bru og utbetring av sti over til Nos/Bolstadsetra i Glomsdalen - gnr. 12 og bnr. 1, 2, 3 og 4

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrativt vedtak:

- I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplan for Oppstryn, for etablering av ny gangbru og opparbeiding av sti på gnr. 12 og bnr. 1, 2, 3 og 4.
- Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 5 145,- (kr 980,- grunngebyr, kr 6 370,- for dispensasjon og kr 2 940,- for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1 og 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativ for 2025. Gebyret vert redusert med 50 % ettersom søknaden er sendt inn av foreining med allmennnyttig føremål, jf. § 1-3 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Nytt framlegg, foreslått av Rune Egil Myklebust, Senterpartiet

Formannskapet er positiv til reetablering av bru over elva Glomsdøla.

Den vil lette og sikre tilgongen til Bolstadsetra. Tiltaket er positivt for å kunne holde det unike kulturlandskapet og setremiljøet ved like, positivt for friluftsliv / folkehelse og positivt for landbruk med tilgong til store beiteområde.

Før endeleg handsaming ber ein om uttale frå Villrein nemda for Reinheimen - Breheimen då her i høyringa er reist spørsmål om tiltaket er probelmatisk for villreinstammen.

Èin ber også tiltakshaver svare ut spørsmål kring brua reist i høyringa ift skredfare, kantvegetasjon og flaumfare.

Saka vert å handsame på første møte etter svara er leverte.

Det vart røysta ved at framlegg frå representanten Rune Myklebust (Sp) vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.

Framlegget frå Myklebust (Sp) samrøystes vedteke.

FO- 041/26 Vedtak:

Formannskapet er positiv til reetablering av bru over elva Glomsdøla.

Den vil lette og sikre tilgongen til Bolstadsetra. Tiltaket er positivt for å kunne holde det unike kulturlandskapet og setremiljøet ved like, positivt for friluftsliv / folkehelse og positivt for landbruk med tilgong til store beiteområde.

Før endeleg handsaming ber èin om uttale frå Villrein nemda for Reinheimen - Breheimen då her i høyringa er reist spørsmål om tiltaket er probelmatisk for villreinstammen.

Èin ber også tiltakshaver svare ut spørsmål kring brua reist i høyringa ift skredfare, kantvegetasjon og flaumfare.

Saka vert å handsame på første møte etter svara er leverte.

042/26: Søknad om dispensasjon frå arealformålet i plan for løyve til frådeling av bustadtomt frå gbnr. 104/6 i Oldedalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av ei tomt på inntil 1 200 m² til bustadformål på gbnr. 104/6:

1. Eigedomane sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning, i tråd med motteken situasjonsplan datert 11.12.2025.
2. Det må leggjast ved tinglyst avtale om vegrett over gbnr. 105/12 før parsellen kan delast i frå.
3. Løyvet fell bort dersom det ikkje er kravd oppmålingsforretning innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
4. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 14 210,- (kr 980,- grunngebyr, kr 3 920,- for oppretting av grunneigedom, kr 6 370,- for dispensasjon og kr 2 940,- for tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-6-2 og 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3

veker etter at melding om vedtak er motteken.

Saka vert oversendt til avdeling kart og oppmåling for vidare oppfølging.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke

FO- 042/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av ei tomt på inntil 1 200 m² til bustadformål på gbnr. 104/6:

1. Eigedomane sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning, i tråd med motteken situasjonsplan datert 11.12.2025.
2. Det må leggjast ved tinglyst avtale om vegrett over gbnr. 105/12 før parsellen kan delast i frå.
3. Løyvet fell bort dersom det ikkje er kravd oppmålingsforretning innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
4. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 14 210,- (kr 980,- grunngebyr, kr 3 920,- for oppretting av grunneigedom, kr 6 370,- for dispensasjon og kr 2 940,- for tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-6-2 og 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Saka vert oversendt til avdeling kart og oppmåling for vidare oppfølging.

043/26: Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse i plan for oppføring av tilbygg til eksisterande parkeringshus på gbnr. 70/51 i Loen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve avslag på søknaden om dispensasjon frå byggjegrænse i reguleringsplanen for Loen Nord for høve til oppføring av tilbygg til eksisterande parkeringshus på gbnr. 70/51 i Loen.
- Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 12 500,- (kr 1 190,- grunngebyr, kr 7 740 for dispensasjon og kr 3 570,- tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1 og 3-8 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Det er motteke melding frå tiltakshavar om at søknaden er trekt.

FO- 043/26 Vedtak:

Søknaden er trekt, formannskapet handsamar ikkje saka.

044/26: Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for høve til arealoverføring til offentlig veggrunn i Lodalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet i Stryn kommune sin kommuneplan – hovudkart, for løyve til arealoverføring til vegformål av omsøkte parsellar langs fv. 5723 i Lodalen.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. §§ 20-1 første ledd bokstav m og 26-1, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til arealoverføring til vegformål av omsøkte parsellar langs fv. 5723 i Lodalen:

1. Eigedomane sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning.
2. Løyvet fell bort dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
3. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 17 260,- (kr 1 190,- grunngjebyr, kr 4 760,- for arealoverføring, kr 7 740,- for dispensasjon og kr 3 570,- tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-6-2 og 3-8 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

FO- 044/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet i Stryn kommune sin kommuneplan – hovudkart, for løyve til arealoverføring til vegformål av omsøkte parsellar langs fv. 5723 i Lodalen.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. §§ 20-1 første ledd bokstav m og 26-1, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til arealoverføring til vegformål av omsøkte parsellar langs fv. 5723 i Lodalen:

1. Eigedomane sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning.
2. Løyvet fell bort dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
3. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 17 260,- (kr 1 190,- grunngebyr, kr 4 760,- for arealoverføring, kr 7 740,- for dispensasjon og kr 3 570,- tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-6-2 og 3-8 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

045/26: Søknad om dispensasjon frå byggjegransa i plan for oppføring av reiskapshus på gbnr. 20/5 på Hjelle

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå byggjegransa sett mot veg i plan, for høve til oppføring av eit frittliggjande reiskapshus på gbnr. 20/4.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til det omsøkte tiltaket:

1. Stryn kommune v/avdeling plan skal ha melding når tiltaket blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
2. Tiltaket vert å plassere i tråd med vedlagt situasjonsplan, datert 23.03.2026.
3. Avstanden frå reiskapshuset (inkludert takutspring) til senterlinja på rv. 15 skal vere minst 19 meter.
4. Reiskapshuset må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.

5. Tiltaket skal ikkje medføre endringar i høve dagens tilkomst til eigedomen.
6. Når tiltaket er ferdigstilt, skal tiltakshavar søke om ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10.
7. Det kan ikkje krevjast erstatning for skader og ulemper som følge av at reiskapshuset ligg nær rv. 15.
8. Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
9. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 16 170,- (kr 980,- grunngebyr, kr 980 registreringsgebyr, kr 4 900,- for driftsbygning i landbruket, kr 6 370,- for dispensasjon og kr 2 940,- for tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-6-1 og 3-8 i gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 045/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrensa sett mot veg i plan, for høve til oppføring av eit frittliggjande reiskapshus på gbnr. 20/4.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til det omsøkte tiltaket:

1. Stryn kommune v/avdeling plan skal ha melding når tiltaket blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
2. Tiltaket vert å plassere i tråd med vedlagt situasjonsplan, datert 23.03.2026.
3. Avstanden frå reiskapshuset (inkludert takutspring) til senterlinja på rv. 15 skal vere minst 19 meter.
4. Reiskapshuset må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Tiltaket skal ikkje medføre endringar i høve dagens tilkomst til eigedomen.
6. Når tiltaket er ferdigstilt, skal tiltakshavar søke om ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10.
7. Det kan ikkje krevjast erstatning for skader og ulemper som følge av at reiskapshuset ligg

nær rv. 15.

8. Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
9. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 16 170,- (kr 980,- grunngebyr, kr 980 registreringsgebyr, kr 4 900,- for driftsbygning i landbruket, kr 6 370,- for dispensasjon og kr 2 940,- for tilleggsgebyr for ekstern høyring av dispensasjonssøknad), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-6-1 og 3-8 i gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

046/26: Klage på vedtak om løyve til uttak av lausmassar frå Gjølvelva på gbnr. 110/2 i Oldedalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og administrativt vedtak av 24.03.2026 (vår ref. 25/2094-8) vert oppretthaldt.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 046/26 Vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og administrativt vedtak av 24.03.2026 (vår ref. 25/2094-8) vert oppretthaldt.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

047/26: Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som går fram av saksutgreiinga, og at desse blir tatt med som høyringsuttale frå Stryn kommune.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 047/26 Vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som går fram av saksutgreiinga, og at desse blir tatt med som høyringsuttale frå Stryn kommune.

048/26: Høyring: Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjort og fastsetjing av fellingsavgifter for hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om opning av jakt på hjort, og fastsetjing av fellingsavgifter for jakt på hjort i Stryn kommune, vert lagd ut på høyring.

Høyringa vert lagd ut på heimesidene til kommunen, send direkte til leiarane i storvalda, bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag.

Høyringsfristen er på seks veker og vert sett til 12. juni 2026.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 048/26 Vedtak:

Forskrift om opning av jakt på hjort, og fastsetjing av fellingsavgifter for jakt på hjort i Stryn kommune, vert lagd ut på høyring.

Høyringa vert lagd ut på heimesidene til kommunen, send direkte til leiarane i storvalda, bondelag, bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag.

Høyringsfristen er på seks veker og vert sett til 12. juni 2026.

049/26: Spørsmål om vilkår for kjøp av tomt BBB3 i Solvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Stryn kommune som grunneigar endrar ikkje på vilkåret i punkt 11 sjølv om det er snakk om ein tidsavgrensa periode. Dersom ein lempar på vilkåret vil det skape forventning om same moglegheiter for andre. Korttidsutleige av eit visst omfang kan også vere i strid med reguleringsføremålet.
- Ordlyden i kjøpekontrakt når det gjeld vilkår i punkt 12 vert endra slik:

«Det er ein føresetnad at bygging er igongsett på eigedommen innan 4 år frå tinglysing av skøyte. Dersom fristen vert overskriden skal Stryn kommune ha rett, men ikkje plikt, til å kjøpe tilbake tomte for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Kommunen må også dekke dokumenterte kostnader for fysiske oppgraderingar som gjev verdiauke på tomte.

Kjøpar kan ikkje selje eigedomen eller delar av eigedomen vidare i ubygd stand utan kommunen sitt samtykke. Dersom kjøparen skal selje ei tomt før den er bygd på, har kommunen rett, men ikkje plikt, til å kjøpe att tomte for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Dersom kommunen ikkje nyttar sin tilbakekjøpsrett, har kjøpar rett til å selje tomte vidare, men kommunen kan setje vilkår om pris. Kommunen kan ikkje setje vilkår om pris slik at den som sel tomte ikkje får dekning for dokumenterte kostnader til planlegging knytta til utbygging av tomte og fysiske oppgraderingar som gjev verdiauke på tomte.

Den som sel tomte tilbake til Stryn kommune må dekkje alle kostnader knytt til kommunen sitt tilbakekjøp, inkludert nytt tinglysingsgebyr og ny dokumentavgift ved overskøyting til Stryn kommune».

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøyses vedteke.

FO- 049/26 Vedtak:

- Stryn kommune som grunneigar endrar ikkje på vilkåret i punkt 11 sjølv om det er snakk om ein tidsavgrensa periode. Dersom ein lempar på vilkåret vil det skape forventning om same moglegheiter for andre. Korttidsutleige av eit visst omfang kan også vere i strid med reguleringsføremålet.

- Ordlyden i kjøpekontrakt når det gjeld vilkår i punkt 12 vert endra slik:

«Det er ein føresetnad at bygging er igongsett på eigedommen innan 4 år frå tinglysing av skøyte. Dersom fristen vert overskriden skal Stryn kommune ha rett, men ikkje plikt, til å kjøpe tilbake tomta for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Kommunen må også dekke dokumenterte kostnader for fysiske oppgraderingar som gjev verdiauke på tomta.

Kjøpar kan ikkje selje eigedomen eller delar av eigedomen vidare i ubygd stand utan kommunen sitt samtykke. Dersom kjøparen skal selje ei tomt før den er bygd på, har kommunen rett, men ikkje plikt, til å kjøpe att tomta for den summen som kjøparen har betalt – minus tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Dersom kommunen ikkje nyttar sin tilbakekjøpsrett, har kjøpar rett til å selje tomta vidare, men kommunen kan setje vilkår om pris. Kommunen kan ikkje setje vilkår om pris slik at den som sel tomta ikkje får dekning for dokumenterte kostnader til planlegging knytta til utbygging av tomta og fysiske oppgraderingar som gjev verdiauke på tomta.

Den som sel tomta tilbake til Stryn kommune må dekkje alle kostnader knytt til kommunen sitt tilbakekjøp, inkludert nytt tinglysingsgebyr og ny dokumentavgift ved overskøyting til Stryn kommune».

050/26: Søknad om dispensasjon frå plan for frådeling frå gbnr. 60/1, grensejustering frå gbnr. 60/4 og oppføring av fritidsbustad på den frådelte parsellen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl. § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet «fritidsbebyggelse – noverande» i kommunedelplanen for Bøasetra-Ullsheim, vedteken 25.02.2013, for frådeling av tomt frå gbnr. 60/1 til fritidsføre mål og grensejustering frå gbnr. 60/4 til gbnr. 60/1. I tillegg vert det gjeve dispensasjon for oppføring av hytte på den frådelte tomta.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til dei omsøkte tiltaka:

Generelle vilkår:

1. Eigedomen sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning i samsvar med innsendt situasjonsplan, dagsett 24.03.2026.
 2. Løyvet fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter matrikkellova innan 3 år etter at løyvet blei gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikelova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
- Ansvarleg søker skal gje melding til Stryn kommune v/avdeling plan før oppføring av hytta blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
 - Byggjearbeidet skal leiast av ansvarlege føretak i samsvar med framlagde erklæringar om

ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova kapittel 23 og byggjesaksforeskrifta kapittel 12.

- Bygget må ikkje takast i bruk før kommunen med grunnlag i gjennomføringsplanen har gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Når det er gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bygget, vil kommunen synfare det i samband med taksering for berekning av eigedomsskatt.
- Det vert ikkje gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve for hytte før avløpsanlegget er ferdig bygt.
- Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Spesielle vilkår:

1. For bygningsmessige og tekniske krav blir det vist til teikningar, ansvarsoppgåver og gjennomføringsplan.
2. Hytta vert å plassere etter framlagt situasjonsplan og snitt, med ferdig golv på kote 460,5 ± 0,5 m.o.h.
3. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for hytta, skal ansvarleg søkjar sende melding til kommunen om endeleg plassering i plan og høgd. Plasseringa skal koordinatfestast slik at hytta kan leggjast inn i matrikkelen, jf. byggjesaksforeskrifta § 8-1.
4. Før graving på offentlig eller privat eigedom bli sett i gang, skal godkjent gravemelding ligge føre dersom gravearbeidet kan føre til skade eller ulempe på offentlege innretningar. Ta kontakt med avdeling for kommunalteknikk i Stryn kommune for meir informasjon.
5. Den midlertidige anleggsvegen skal tilbakeførast etter at hytta er ferdig oppført.
6. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 20 830,- (kr 1 190,- for grunngebyr, kr 1 190,- for registreringsgebyr, kr 5 950,- for fritidsbustad, kr 4 760,- for oppretting av grunneigedom og kr 7 740,- for dispensasjon), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-5-1-5, 3-6-2 og 3-8 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunnjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Det er bestilt oppmåling i samband med søknaden om frådeling, og saka oversendt til avdeling kart og oppmåling for vidare handsaming etter matrikkellova.

Parsellen har foreløpig ikkje motteke noko adresse, men det vert fatta vedtak om dette etter at frådelinga er gjennomført.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøyses vedteke.

FO- 050/26 Vedtak:

I medhald av pbl. § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet «fritidsbebyggelse – noverande» i kommunedelplanen for Bøasetra-Ullsheim, vedteken 25.02.2013, for frådelling av tomt frå gbnr. 60/1 til fritidsføremål og grensejustering frå gbnr. 60/4 til gbnr. 60/1. I tillegg vert det gjeve dispensasjon for oppføring av hytte på den frådelte tomte.

I medhald av plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til dei omsøkte tiltaka:

Generelle vilkår:

1. Egedomen sine grenser vert fastsette ved oppmålingsforretning i samsvar med innsendt situasjonsplan, dagsett 24.03.2026.
 2. Løyvet fell bort dersom det ikkje er rekvidert oppmålingsforretning etter matrikkellova innan 3 år etter at løyvet blei gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
- Ansvarleg søker skal gje melding til Stryn kommune v/avdeling plan før oppføring av hytta blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 25-1.
 - Byggjearbeidet skal leiast av ansvarlege føretak i samsvar med framlagde erklæringar om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova kapittel 23 og byggjesaksforeskrifta kapittel 12.
 - Bygget må ikkje takast i bruk før kommunen med grunnlag i gjennomføringsplanen har gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Når det er gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bygget, vil kommunen synfare det i samband med taksering for berekning av eigedomsskatt.
 - Det vert ikkje gjeve ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve for hytte før avløpsanlegget er ferdig bygt.
 - Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Spesielle vilkår:

1. For bygningsmessige og tekniske krav blir det vist til teikningar, ansvarsoppgåver og gjennomføringsplan.
2. Hytta vert å plassere etter framlagt situasjonsplan og snitt, med ferdig golv på kote 460,5 ± 0,5 m.o.h.
3. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for hytta, skal ansvarleg søker sende melding til kommunen om endeleg plassering i plan og høgd. Plasseringa skal koordinatfestast slik at hytta kan leggjast inn i matrikkelen, jf. byggjesaksforeskrifta § 8-1.
4. Før graving på offentleg eller privat eigedom bli sett i gang, skal godkjent gravemelding ligge føre dersom gravearbeidet kan føre til skade eller ulempe på offentlege innretningar. Ta kontakt med avdeling for kommunalteknikk i Stryn kommune for meir informasjon.

5. Den midlertidige anleggsvegen skal tilbakeføres etter at hytta er ferdig oppført.
6. Tiltakshavar må dekke saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 20 830,- (kr 1 190,- for grunngebyr, kr 1 190,- for registreringsgebyr, kr 5 950,- for fritidsbustad, kr 4 760,- for oppretting av grunneigedom og kr 7 740,- for dispensasjon), jf. §§ 3-1, 3-2, 3-5-1-5, 3-6-2 og 3-8 i gebyrregulativet for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvalteren i Vestland. Klaga bør grunnjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Det er bestilt oppmåling i samband med søknaden om frådeling, og saka oversendt til avdeling kart og oppmåling for vidare handsaming etter matrikkellova.

Parsellen har foreløpig ikkje motteke noko adresse, men det vert fatta vedtak om dette etter at frådelinga er gjennomført.

051/26: Avklaring av parkeringskrav knytt til rammesøknad for påbygg, bruksendring, ombygging og fasadeendring på gbnr. 57/130, Bringsbygg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Parkeringskravet på 19 plassar skal dekkast, i samsvar med føresegn 4 i kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde.
- Administrasjonen får delegert mynde til å handsame søknaden om dispensasjon og rammeløyve administrativt.
- Ettersom søknaden ikkje er realitetshandsama, vert det ikkje teke gebyr.

Avgjersla er ein del av saksførebuinga, og er såleis prosessleiande. Avgjersla kan ikkje påklagast.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 051/26 Vedtak:

- Parkeringskravet på 19 plassar skal dekkast, i samsvar med føresegn 4 i kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde.
- Administrasjonen får delegert mynde til å handsame søknaden om dispensasjon og rammeløyve administrativt.

- Ettersom søknaden ikkje er realitetshandsama, vert det ikkje teke gebyr.

Avgjersla er ein del av saksførebuinga, og er såleis prosessleiande. Avgjersla kan ikkje påklagast.

052/26: Klage på vedtak - dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 1-9 og 19-2, jf. fvl. § 33, tek formannskapet klaga til følgje, og omgjer vedtak gjort i sak FO-026/26, datert 12.03.2026:

Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Muri camping for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

- Etter forvaltningslova kap.VI, jfr. plan-og bygningslova §1-9, kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør grunngjevast, skal sendast om Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 052/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 1-9 og 19-2, jf. fvl. § 33, tek formannskapet klaga til følgje, og omgjer vedtak gjort i sak FO-026/26, datert 12.03.2026:

Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Muri camping for oppføring av garasje/lagerbygg på gbnr. 86/7.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

- Etter forvaltningslova kap.VI, jfr. plan-og bygningslova §1-9, kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør grunngjevast, skal sendast om Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

053/26: Detaljregulering for Dispaholmen - avslutning av planarbeid

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planarbeid for detaljregulering for Dispaholmen vert avslutta.

- Avgjerdsla er prosessleiande, og kan ikkje påklagast.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 053/26 Vedtak:

Planarbeid for detaljregulering for Dispaholmen vert avslutta.

- Avgjerdsla er prosessleiande, og kan ikkje påklagast.

054/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå arealkrav for oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følge og opprettheld administrativt vedtak av 14.11.2025 (vår ref. 25/1790-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Utsett med synfaring, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, SenterpartietSenterpartietSenterpartiet
Saka vert utsett til vi kan ha synfaring

Framlegg frå representanten Silje Skarstein (Sp)
Saka vert utsett, det blir gjennomført synsfaring.
Samrøystes vedteke.

FO- 054/26 Vedtak:

Saka vert utsett, det blir gjennomført synsfaring.

